

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 24.10.2007  
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 19.09.07 - 24.10.07**

**Styresak 091/07 O**  
**Administrerende direktør si orientering pkt 10**

**Styremøte 08.11. 2007**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 19.09.07 – 24.10.07
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

| Tilsynsmyndigheit          | Dato for brev                                             | Kva saka gjeld                                                                        | Kommentarar/status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
|----------------------------|-----------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Riksrevisjonen</b>      | Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden. |                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| <b>Statens helsetilsyn</b> | Mars 05                                                   | Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus. | Rapportering frå Helse Bergen for september 2007 viser eit belegg på 115 % på akuttpostane og korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Justert for permisjon var belegget 101 %. Dette inneberer bruk av 2,7 korridorsenger per døgn, noko som er høgare enn sist månad. |
|                            | 11.06.07                                                  | Varsel om vedtak om tvangsmulkt. Med bakgrunn i pålegg gitt                           | Uttale til varselet om tvangsmulkt er gitt i brev av                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |

|                                                |                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                |                                                                | 09.03.05 varslar Helsetilsynet vedtak om tvangsmulkt gjeldande frå 01.10.07. Helse Vest har frist til 14.09.07 for uttale til varselet.                                                                                                                                        | 12.09.07. I uttalen er det gjort greie for handlingsplanen frå våren 2005, iverksettinga av nye tiltak og Helse Vest si oppfølging av saka, jf eige notat under administrerende direktør si orientering.<br><br>Det er gjeve utfyllande kommentarar i brev av 22.09.07 og 02.10.07 samt i rapporteringsbrevet for september 2007, jf. ovanfor.<br><br>Det har ikkje vore korridorpatientar frå og med 27.09.07. |
| <b>Arbeidstilsynet</b>                         | Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.     |                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Datatilsynet</b>                            | Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.        |                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b> | Helse Vest RHF har ingen saker til behandling for klagenemnda. |                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Sivilombudsm.</b>                           | Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.   |                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
| <b>Konkurransetilsynet</b>                     | 19.09.06                                                       | Konkurransetilsynet har motteke ein klage frå Fana Medisinske Senter kor det er uttrykt mistanke om mogleg ulovleg prissamarbeid mellom to sjølvstendige tilbydarar som har delteke i konkurransen.<br><br>For å kunne vurdere saka ber tilsynet om innsyn i dokumenta i saka. | Aktuelle dokument er oversendt Konkurransetilsynet ved brev av 28.09.06.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |

## Del 2

| Tilsynsmyndigheit          | Dato for brev                                             | Kva saka gjeld                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Kommentarar/status |
|----------------------------|-----------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| <b>Riksrevisjonen</b>      | Det er ikkje motteke saker frå Riksrevisjonen i perioden. |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |                    |
| <b>Statens helsetilsyn</b> | 30.01.07                                                  | Melding om tilsyn med tenester i akuttmottak, Helse Stavanger HF, 24.-25.04.07.                                                                                                                                                                                                                                                          |                    |
|                            | 01.06.07                                                  | Oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik.<br><br>Helse Stavanger har ikkje utført ei samla risikovurdering av om Akuttmottak har nødvendig beredskap og fagleg kompetanse til å sikre forsvarleg mottak, prioritering, behandling og oppfølging av pasientar i periodar med stor pasienttilstrøyming. |                    |

|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|------------------------------------------------|----------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                |          | Helse Stavanger føretek ikkje systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer slik som føresett.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|                                                |          | Helse Stavanger er gitt frist til 14. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|                                                | 25.05.07 | <p>Tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for kirurgi og akuttmedisin, Haugesund sjukehus, Akuttmottak. Oversending av endeleg rapport. Ved tilsynet blei det funne tre avvik.</p> <p>Det går ikkje klart fram korleis ansvar, mynde og oppgåver er fordelt når det gjeld alle funksjonar i Akuttmottak. Det manglar klare rutinar for fleire sentrale arbeidsprosessar som sjukepleiarane i Akuttmottak utfører. På andre område finns det prosedyrar, men alle desse blir ikkje alltid følgde. Det blir ikkje gjort systematisk overvaking og evaluering av dei ulike sidene ved drifta og risikotilhøva i Akuttmottak.</p> <p>Helse Fonna er gitt frist til 1. september 2007 for å gjere greie for korleis avvika skal rettast opp.</p> |
|                                                | 02.07.07 | Varsel om tilsyn med stiftelsen Syd Vest 4. oktober 2007.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|                                                | 02.07.07 | Varsel om tilsyn med Haugaland A-senter 3. oktober 2007.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |
|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Arbeidstilsynet</b>                         |          | Det er ikkje registrert nye saker i perioden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Datatilsynet</b>                            |          | Det er ikkje registrert nye saker i perioden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Statens strålevern</b>                      |          | Det er ikkje registrert nye saker i perioden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b> |          | Det er ikkje registrert nye saker i perioden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|                                                |          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
| <b>Sivilombudsmannen</b>                       |          | Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |